



HERØY PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret i Herøy

Herøy kyrkje

6090 Fosnavåg

HERØY NÆRINGSFORUM OG FOSNAVÅG SHIPPINGKLUBB ved Geir-Idar Kvalsvik

INVITASJON TIL LUNSMØTE MED BISKOP INGEBORG MIDTTØMME FREDAG 22.JANUAR KL 12-15 PÅ RUNDE MILJØSENTER

I høve bispevisitasen i Herøy 20.-24.januar 2010 ynskjer Herøy kyrkje eit møte med næringslivet i kommunen.

*Ein bispevisitas er eit høve for lokalkyrkja til nytenking og refleksjon over rolle og arbeidsmåtar i kvardagen. Dei fire dagane som er avsette for biskop med fylgje til møtet med kyrkjelyd og lokalsamfunn, har fokus på dei fleste sidene ved kyrkja sitt liv lokalt, så som tilhøvet til skule og barnehagar, til helse- og omsorgsinstitusjonar, til politisk og administrativ leiing i kommunen og sjølvstekt gudstenestelin, kyrkjeleg undervisning og diakoni. I denne samanhengen finn vi det naturleg og ynskjeleg også med **eit møte med næringslivet** - både for at lokal og sentral kyrkjeleiing kan låne øyret til behov og synspunkt i denne viktige samsfunnssektoren og for at kyrkja på denne måten får eit høve til å minne om sitt potensiale og sitt nærvær lokalt.*

PROGRAM

- 1200 LUNSJ/UFORMELL OMVISING PÅ SENTERET
1245 OPNING/INNLEIING sokneprest Jens T. Johnsen
1255 INNSPEL I dagleg leiar ved Miljøsentret, Nils-Roar Hareide:
Korleis kan utfordringane frå miljøet verke stimulerande på næringsliv så vel som på kyrkje?
1310 INNSPEL II reiar Per Sævik
Forventningar til kyrkja – lokalt og sentralt.
1325 INNSPEL III stortingsrepresentant Svein Gjelseth:
Herøysamfunnet sett frå hovudstaden.
1340 INNSPEL IV biskop Ingeborg Midttømme
Kyrkja og Næringslivet – kva har dei å tilføre kvarandre?
1355 PAUSE
1410 PANELSAMTALE med høve til innspel frå forsamlinga.

Vi ser fram til dette møtet og håpar så mange som mogleg frå det lokale næringslivet har høve til å møte.

Herøy kyrkje 13.11.2009

Jens T. Johnsen, sokneprest.